

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kari Anne Iversen	FE - 231	16/216

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
10/2016	Kommunestyret	PS	10.02.2016

Regulering av satsane for festeavgift på kyrkjegarden

Vedlegg:

Sak 001-16 i Meland sokneråd

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Meland kommune har mottatt skriv frå soknerådet (fellesrådssak), der det er gjort greie for framlegg til nye satsar for festeavgift på kyrkjegarden. Endeleg vedtak skal gjerast i kommunestyret, jf gravferdslova § 21. Satsane vart sist regulerte gjennom kommunestyrevedtak 18.02.15. Satsane (etter frigravsperioden på 20 år) har då vore slik i 2015:

- Feste av grav per år (inntil 60 år) kr 300 per år
- Feste av grav per år (over 60 år) kr 600 per år
- Feste av særskilt grav (reservasjon for dobbeltgrav – 20 år) kr 4000

Når soknerådet no ønskjer ein auke i festeavgifta også i år, er det med grunnlag i fleire tilhøve. Det eine behovet som vert peikt på gjeld kapasitet til dei administrative oppgåvene ved kyrkjegardsdrifta. Gjennom tenesteytingsavtalen med kommunen er omfanget av dette arbeidet sett til 40% stilling, men det har vore vanskeleg for soknerådet å finne rom for utviding av stillingsressursen innanfor tilskotmidlane frå kommunen.

Det vil også vere naturleg å samanlikne satsane med andre kommunar. Nordhordlandsregionen ligg generelt noko lågare enn omegnskommunane til Bergen. Felles for sistnemnde gruppe er at dei opplever eit press på gravferdsareal, noko som også gjeld for Meland kommune. Festeavgifta kan difor i nokon grad nyttast som ein regulator når det gjeld å minske presset på gravareal. Soknerådet peiker i skrivet sitt at høgare avgift sjølvstakt kan opplevast negativt for festarar som ikkje står så sterkt økonomisk, og at nokre då vil velje å sei frå seg gravfeste ut over frigravsperioden på 20 år.

I framlegget frå soknerådet vert det skilt mellom kistegrav og urnegrav. Dette framlegget er gjort med utgangspunkt i arealbruk, - med det argumentet at lågare festeavgift for urnegrav kan gjere at fleire vil velje dette alternativet. Når det gjeld reservasjon av grava ved sida av i ei dobbeltgrav er det soknerådet sitt framlegg å ha same avgift for dette som for festet elles. Dette vert kalla festeavgift, men vert av administrative årsaker fakturert for 20 år ved gravleggingstidspunktet. Meland har elles hatt dobbel festeavgift for graver over 60 år, og det vert tilrådd at ein held på dette prinsippet. Det er svært få som ønskjer å halde på gravene meir enn 60 år, og dei få det gjeld har ofte ikkje hatt

innvendingar mot kostnaden ved dette.

Soknerådet meiner vidare at festeavgiftene bør auke gradvis kvart år til ein er på nivå med kommunar i regionen som det er naturleg å samanlikne seg med.

Vurdering

Administrasjonen meiner at bakgrunnen for ein viss prisauke har ei fornuftig grunngjeving. Det er heilt vanleg prinsipp at avgifter vert regulert i tråd med pris- og lønsauke, og også samanlikning med kostnadsnivået i andre kommunar vil også vere naturleg. Press på gravferdsareal har så langt kan hende vore eit urbant fenomen, men i ein bynær vekstkommune som Meland vil truleg dette aspektet bli eit faktor som både soknerådet og kommunestyret må ta med seg i vurderingane sine.

Folkehelse: Ikkje relevant i saka

Miljø: Ikkje relevant i saka

Økonomi: Det er gjort greie for dei økonomiske sidene ved saka i skrivet frå soknerådet og i saksframstillinga.

Konklusjon

Administrasjonen vil tilrå at kommunestyret vedtar dei satsane som ligg i soknerådet sitt framlegg, og har heller ingen merknader til at festeavgiftene har ein gradviss auke kvart år.

Framlegg til vedtak:

«Kommunestyret vedtek nye festeavgifter frå januar 2016:

1. Feste av kistegrav per år: Kr 350
2. Feste av urnegrav per år: Kr 300
3. Feste av graver eldre enn 60 år per år: Kr 700
4. Reservasjon/festeavgift 20 år for ledig grav i dobbelgrav: Kr 7 000
5. Festeavgift vert fakturert årleg frå 2016
6. Festeavgiftene bør gradvis aukast kvart år til ein er på nivå med kommunar i regionen det er naturleg å samanlikne seg med.»

Kommunestyret - 10/2016

KS - behandling:

KS - vedtak:

«Kommunestyret vedtek nye festeavgifter frå januar 2016:

1. Feste av kistegrav per år: Kr 350
2. Feste av urnegrav per år: Kr 300
3. Feste av graver eldre enn 60 år per år: Kr 700
4. Reservasjon/festeavgift 20 år for ledig grav i dobbelgrav: Kr 7 000

5. Festeavgift vert fakturert årleg frå 2016
6. Festeavgiftene bør gradvis aukast kvart år til ein er på nivå med kommunar i regionen det er naturleg å samanlikne seg med.»